

# Søknad om status som merittert undervisar ved Høgskulen på Vestlandet

## Samanhengande framstilling – ei lesarrettleiing

I denne samanhengande framstillinga vil eg presentere og reflektere over sentrale aspekt frå undervisningspraksisen i perioden 2016-2025, med utgangspunkt i [HVL sine kriterium](#) for merittert undervisar. Framstillinga er strukturert i tre kapittel:

- 1) Aktive studentar – aktive medborgarar
- 2) Sosiologi og nye læringsformer
- 3) Samarbeid i teori og i praksis

Eg har utarbeida ei lesarrettleiing i form av ein tabell (Tabell 1), der eg har systematisert arbeida mine som støttar dei ulike kriterium for merittering. Kwart delkriterium inneheld ei kort skildring av hovudelementa i arbeidet mitt på det spesifikke området, i tillegg til ulike typar vedlegg som dokumentasjon. I nokre tilfelle vil utgreiingane i framstillinga dekke fleire av delkriteria. Ei oversikt over ulike delkriterium som er dekkja blir presentert i starten av kvart kapittel.

Eg har valt ut 11 vedlegg som illustrerer og underbygger søknaden min om status som merittert undervisar. Desse vedlegga består av undervisningsopplegg, NOKUT-rapport, seminarprogram, medieoppslag, konferansepaper, kronikkar, fagfelleverderte artiklar, diplom for HVL sin Utdanningskvalitetspris og uttale frå leiar.

**Tabell 1: Kriterium for merittert undervisar 2025 og skildring av mine utvalde arbeid**

<b>Kriterium 1: vektlegger studentenes læringsprosess i planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning</b>		
<b>Delkriterium</b>	<b>Skildring av arbeidet mitt</b>	<b>Vedlegg</b>
1.1	Utviklar undervisning som fremmar varierte læringsprosessar og reflekterer over denne utviklinga	Vedlegg 1: Kronikk? «Stopp internasjoniseringsjaget, eg vil av!» Vedlegg 2: Undervisningsopplegg «Internasjonale og regionale samstundes»
1.2	Utviklar undervisning gjennom deltaking i nasjonale prosjekt	Vedlegg 3: Rapport «Evaluering av arbeidslivsrelevans i disiplinlag» (s.55-58)
1.3	Arbeidar systematisk med å gjere studentane meir medvitne på sin fagkompetanse	Vedlegg 4: Program «Arbeidslivsseminar 2024»
1.4	Utviklar undervisning gjennom inkluderande fellesskap	Vedlegg 5: Kronikk «Sosiologi for alle»
<b>Kriterium 2: viser en vitenskapelig tilnærming til undervisning</b>		
<b>Delkriterium</b>	<b>Skildring av arbeidet mitt</b>	<b>Vedlegg</b>
2.1	Jobbar utforskande og systematisk med følgjeforskning på nye satsingar på sosiologiprogrammet	Vedlegg 6: Paper «Digitalisering av høgare utdanning og digitale skillelinjer?»
2.2	Reflekterer over eit heilskapleg syn på kvalitetsutvikling og læring	
2.3	Utviklar varierte og studentaktive læringsformer	Vedlegg 7: Medieomtale «Dei løyser samfunnsproblem med teater»
2.4	Formidlar kompetanse frå arbeid med undervisning	Vedlegg 8: Artikkel «Å bli ein som jobbar» (Uniped)
<b>Kriterium 3: har en kollegial holdning og er en aktiv pedagogisk bidragsyter med fokus på deling av erfaringer knyttet til utdanningskvalitet</b>		
<b>Delkriterium</b>	<b>Skildring av arbeidet mitt</b>	<b>Vedlegg</b>
3.1	Samarbeidar med kollegaer, studentar og leiing for auka utdanningskvalitet	Vedlegg 4: Program Arbeidslivsseminar 2024
3.2	Initierer og leiar strategisk fagdidaktisk utviklingsarbeid	Vedlegg 10: Utdanningskvalitetsprisen 2020 (HVL)
3.3	Planleggar strategisk utvikling for det kollegiale pedagogiske arbeidet	Vedlegg 9: Artikkel «Praksis møter disiplinlag» (Søkelys på arbeidslivet) Vedlegg 11: Uttale frå leiar

## Aktive studentar - aktive medborgarar

Delkriterium	Skildring av arbeidet mitt knytt til delkriterium	Vedlegg
1.1	Utviklar undervisning som fremmar varierte læringsprosessar og reflekterer over denne utviklinga	Vedlegg 1: Kronikk? «Stopp internasjonaliseringssjaket, eg vil av!» Vedlegg 2: Undervisningsopplegg «Internasjonale og regionale samstundes»
2.2	Reflekterer over eit heilskapleg syn på kvalitetsutvikling og læring	
1.2	Utviklar undervisning gjennom deltaking i nasjonale prosjekt	Vedlegg 3: Rapport «Evaluering av arbeidslivsrelevans i disiplinfag, s.55-58»
1.3	Arbeidar systematisk med å gjere studentane meir medvitne på sin fagkompetanse	Vedlegg 4: Program «Arbeidslivsseminar 2024»
3.1	Samarbeidar med kollegaer, studentar og leining for auka utdanningskvalitet	Vedlegg 4: Program Arbeidslivsseminar 2024
1.4	Utviklar undervisning gjennom inkluderande fellesskap	Vedlegg 5: Kronikk «Sosiologi for alle»
3.2	Initierer og leiar strategisk fagdidaktisk utviklingsarbeid	Vedlegg 10: Utdanningskvalitetsprisen 2020 (HVL)

I 2016 vart eg tilsett som høgskulelektor ved HVL (dåverane Høgskulen i Sogn og Fjordane) med ein stor iver til å komme i gang med undervisning, forskings- og utviklingsarbeid. I 2025, etter ni år i jobben ved HVL, og no som førstelektor, er eg like entusiastisk kring det meiningsfulle arbeidet med å danne og utdanne til framtidens arbeidsliv. Når eg ser tilbake på den pedagogiske reisa mi ved HVL, er det særleg tre overordna aspekt som peikar seg ut: ei forskande tilnærming til eiga undervisning, eit kontinuerleg arbeid med pedagogisk innovasjon, og samskaping av dynamiske og inkluderande læringsmiljø. I utarbeidinga av denne framstillinga måtte eg ta nokre val, der eg i denne søknaden vil særskild rette fokus på mitt pedagogiske utviklingsarbeid knytt til sosiologiprogrammet ved HVL i perioden 2016-2025.

### Frå mikro til makro – ei sosiologisk læringsreise

*Sosiologifaget er «læren eller vitenskapen om samfunnet eller «det sosiale», der studieobjektet spenner fra mikroprosessar, som hilsing mellom to mennesker som møtes på gaten, til makroprosessar, som globale strukturer og prosessar. Men tyngdepunktet ligger*

likevel tradisjonelt på «mellomstore» (meso) fenomenar som institusjonar, organisasjonar og forskjellige typer kollektive handlingar» (Korsnes, 2008, s. 294). På same vis som sosiologar er opptekne av å analysere ulike nivå i samfunnet og samanhengar i mellom desse, ønskjer eg innleiingsvis å reflektere over ulike sider ved undervisningspraksisen min og korleis desse inngår i ei heilskapleg tenking kring utdanningskvalitet, studentane si læring og pedagogisk utviklingsarbeid.

Først, for å starte på «mikronivået», har eg som undervisar hatt eit særskild fokus på å skape rom for myndegeving (*empowerment*) for den einkilde studenten i undervisningssituasjonar. Ideane til frigjeringspedagogen Paulo Freire (Freire, 1999) om «de undertrykte pedagogikk» har vore til stor inspirasjon for meg i dette arbeidet. Freire si pedagogiske tilnærming handlar om å utvikle ei kritisk bevisstheit, blant både lærarar og studentar (i eit likeverdig fellesskap), om viktigeita med å ta ansvar, utfordre dei sette maktforholda og stimulere til dialog både i og utanfor klasserommet. Tankane kring den kritiske pedagogikken, av nokre kalla *Freiretradisjonen* (Westrheim, 2004), har parallellar til andre store pedagogiske prosjekt, som t.d. den kritiske dialogpedagogikken (Løvlie, 1984). Min eigen pedagogiske filosofi, «Aktive studentar – aktive medborgarar», bygger på prinsippa frå *Freiretradisjonen*. Eg streber etter å engasjere studentane til aktiv deltaking i undervisninga og framhevar overføringseffekten denne aktiviteten har til arbeids- og samfunnsliv. Den sosiologiske fantasien (Mills, 2000), som handlar om evna til å sjå koplingar mellom individuelle erfaringar og breiare samfunnsstrukturar, er noko eg støttar studentane i å tileigne seg og ha med seg ut av klasserommet. Over tid har eg eksperimentert med ulike undervisningsopplegg for auka fagleg eigarskap og myndegeving av studentane i læringsprosessar. Eit konkret døme er overføringseffekten mellom klasseromslæring og deltaking i det offentlege ordskiftet, med innføring av kronikkskriving som arbeidskrav på emnet SOS150 - Frå ung til vaksen, som har mellom anna resultert i publisering av student skrivne kronikkar i både [lokale](#) og [nasjonale aviser](#).

På «mesonivået», har eg over tid jobba på organisasjonsnivå for å auke kvaliteten og variasjonen i undervisningstilbodet for studentane våre. Eg har ved fleire høve engasjert meg i det offentlege ordskiftet med fokus på utvikling av nye læringsformer i sosiologi, og vil nemne eit konkret døme her knytt til «internasjonaliseringsdebatten» og kronikken min i Khrono «[Stopp internasjonaliseringsjaget, eg vil av!](#)» (**vedlegg 1**). Kvalitetsmeldinga (Meld.

St.16 (2016-2017)) trakk fram eit ønskje om at halvparten av alle studentar skulle reise til utlandet på studentutveksling. Om det skulle bli slik at 50% av studentmassen reiste på utveksling, ville det framleis vere 50% som «satt igjen». Såleis vart det viktig for meg å peike på at arbeidet med internasjonalisering må vere ein del av ein heilskapleg strategi som kan gå føre seg på fleire nivå og på ulike måtar. Utvikling av *internasjonalisering heime* vart kjerna i mitt vidare utviklingsarbeid på dette området. Rapporten «Internationalisation at Home in Finnish Higher Education Institutions and Research Institutes» frå det finske Kunnskapsdepartementet var ei viktig kjelde til inspirasjon i dette arbeidet. Ein systematisk gjennomgang av forskning på internasjonalisering heime viser at: 1) få veit kva det er 2) det er lite fokus på det frå leiinga, og 3) det er lite strategisk tenking kring utvikling av interkulturell kompetanse for alle (Weimer, Hoffman & Silvonen, 2019). Det er viktig å presisere at internasjonalisering heime, slik eg ser det, ikkje er i konkurranse med mobilitet, men er eit naudsynt alternativ. Eg har introdusert undervisnings- og læringsopplegg som har inkorporert internasjonalisering heime både i den ordinære undervisninga, og ved å engasjere studentar i lokale arrangement med fokus på internasjonalt samarbeid (**Vedlegg 2**). Å jobbe aktivt med å kople studentar på ulike Erasmus+ prosjekt i regionen har vore eit av mine sentrale bidrag til auka internasjonalisering på organisasjonsnivå; i dag jobbar eg med utvikling av COIL-kurs som ei vidareføring av dette arbeidet.


Til slutt, på «makronivået», har eg gjennom systematisk arbeid over tid forsøkt å påverke den nasjonale politikktutforminga kring disiplinfag, med eit særleg fokus på koplinga mellom disiplinfag og arbeidsliv. Dette arbeidet kan forankrast i prinsipp frå kritisk pedagogikk, som understrekar viktigheita av å utfordre dei sette strukturar for å skape meir rettvis og relevante utdanningssystem. Gjennom arbeidet i HK-dir-komitéen for auka arbeidslivsretting i disiplinfag og i NOKUT-prosjektet «Operasjon praksis» har eg bidrege til kunnskapsgrunnlaget i Stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning. Framlegging av vårt arbeidslivsretta utviklingsarbeid på «NOKUT-frokost», saman med ein sosiologistudent frå HVL, var ein viktig milepæl, der vi fekk tale direkte til forskings- og høgare utdanningsministeren. Dette døme reflekterer ei djupare forplikting til dei kritiske pedagogiske ideala om deltaking og engasjement i utdanningspolitiske spørsmål.

## Refleksjon og aksjon

Som undervisar har eg fordjupa meg i feltet som ligg i grenseflata mellom kunnskapssosiologi og kritisk pedagogikk. Ein grunnleggande tanke i kunnskapssosiologien er at kunnskap ikkje er objektiv og statisk, men sosialt strukturert, og er påverka av ulikskapane som eksisterer i samfunnsstrukturen (Korsnes, 2008). I undervisninga mi er eg oppteken av å diskutere ulike kunnskapstradisjonar og korleis desse blir verdsett, konstruert og brukt i samfunnet. Særskild relevant for denne framstillinga er diskusjonen eg og studentane mine har kring erfaringsbasert og teoretisk kunnskap.

Erfaringsbasert læringsteori av David Kolb (D. Kolb, 2015) har vore eit viktig teoretisk bidrag i mitt utviklingsarbeid på sosiologiutdanninga. På lik linje med Freie, har også Kolb utfordra det tradisjonelle konseptet om læring med passive studentar som blir 'fylt opp' med kunnskap frå ein lærar. Eit av hovudelementa i Kolbs tenking er at vi lærer ikkje berre av erfaring – men av refleksjon over eiga erfaring. Den erfaringsbaserte lærings sirkel (A. Kolb & Kolb, 2017) er eit godt verktøy for refleksjon før, undervegs og i etterkant av ulike læringssituasjonar (både for meg som undervisar og for studentane). Som figuren under illustrerer er denne lærings sirkelen ein kontinuerleg utviklingsprosess som bygger ei bru mellom erfaringsbasert og teoretisk kunnskap, som går gjennom fire «trinn»: konkrete erfaringar, refleksjon kring desse, ei generalisering og konseptualisering av desse og til slutt ei aktiv eksperimentering / transformasjon.

**Figur 1: Erfaringsbasert lærings sirkel av A. Kolb og Kolb (2017)**



Ei anna sentral inspirasjonskjelde til mitt pedagogiske arbeid er den amerikanske sosiologien William E.B. Du Bois (1868-1963). Du Bois brukte mykje av sin karriere på å kombinere sosiologi og aktivisme. Han inspirerte mellom anna Randall Collins sin artikkel «The sociological eye and its blinders» der han skildra «to kjerneforpliktingar» til sosiologifaget (Collins, 1998; Korgen & Atkinson, 2018). Den første «forpliktinga» dreier seg om å bruke sosiologien, «the sociological eye», og den andre er å legge merke til urett i samfunnet og ta ein aktiv del i å utfordre denne uretten, «taking action». Collins skriv at spenninga som oppstår mellom teori og praksis kan gjere det vanskeleg å kombinere desse to formene, samstundes kan desse forpliktingane bringe fram innovativ kraft og fornying. I tråd med desse forpliktingane, prøver eg som undervisar i sosiologi å inspirere studentane til å forstå kvifor dei kritiske spørsmåla som sosiologien stiller må takast i bruk i den «verkelege verda». Sosiologien er ikkje berre vitskapen om samfunnet og menneska, men også om korleis vi blir påverka av samfunnet og korleis vi kan påverke det tilbake. Aktivisering av studentar i læringssituasjonar, oppfordringar til å ta faget ut av klasserommet og utvikling av ein kritisk refleksjon ligg i kjerna for min pedagogiske praksis og er spegla i mange av dei aktivitetane og prosjekt eg har satt i gang som tilsett ved HVL.

### Arbeidslivsrelevans og sosiologidisiplinen

HVL har ein ambisjon om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. Nasjonalt, scorar utdanningane innan sosiologi relativt lågt på Studiebarometeret på spørsmål knytt til arbeidslivsrelevans (Bakken, Pedersen, Wiggen & Øygarden, 2019). Dette kan til ein viss grad forklarast med at ferdigutdanna sosiologar ikkje har øyremerka jobbar, og som med andre disiplinfag ligg arbeidslivsrelevansen i sosiologi i ferdigheiter som kjeldekritikk, fagkunnskap, formidling og oversikt, analyse, metodisk kompetanse, språkleg presisjon, osb. Samstundes, ser eg det som verdfullt at sosiologistudentar oppnår kontakt og erfaring med arbeidslivet i studieløpet. Skal ein unngå ein type nytteorientert profesjonalisering av sosiologiutdanninga, er det særskild viktig å gjennomføre dei arbeidslivsretta grepa på ein kritisk måte som kan gje meir kvalitet til utdanninga. Utviklinga og leinga av emnet SA591 Arbeidslivsretta sosiologi er eit konkret døme på eit systematisk og strategisk utviklingsarbeid over tid med særskild fokus på auka arbeidslivsrelevans og kompetanseheving for kandidatar på programmet vårt. Praksiselementet på 7 veker vart innført som ein obligatorisk del av emnet med første kull i praksis i 2019, der vi markerte oss som den einaste sosiologiutdanninga i

Noreg med dette tilbodet. Som emneansvarleg, har eg i denne perioden hatt eit overordna ansvar for om lag 120 studentar i praksis og etablert samarbeid med over 40 verksemder. Eg har hatt hovudansvaret for å utvikle både dei strukturelle og substansielle sidene ved praksis. Eg måtte sørge for at strukturane var på plass: utarbeiding av informasjonsskriv (til studentar, mentorar, fagtilsette, kommunikasjonsavdelinga), utsending av invitasjon til arbeidsplassar om å delta som praksisplassar, utarbeide praksiskontraktar, årshjul, følge opp studentar, evaluere og dokumentere arbeidet, osb. I dette arbeidet har eg henta inspirasjon og «best practice» frå mine internasjonale kollega i Manchester og Linneuniversitet (som eg besøkte gjennom Erasmus+ tilsettmobilitet) med gode erfaringar kring praksis i disiplinlag. Det substansielle innhaldet i praksisperioden måtte også vere godt gjennomtenkt, med eit pedagogisk design på emnet som fasiliterer for erfaringsbasert og teoretisk refleksjon før, undervegs og etter praksisopphaldet. Innføring av obligatorisk praksis vart lagt merke til nasjonalt, der eg saman med ein kollega og ein tillitsvald student på sosiologiprogrammet blei invitert inn som deltakarar i NOKUT-evalueringa av arbeidslivsrelevans i disiplinlag. Ei av oppgåvene i prosjektet var å gjennomføre ei sjølvevaluering om arbeidslivsrelevans i utdanninga. I denne evalueringa skriv vi mellom anna dette på spørsmålet om kva målsettingar vi har satt oss for arbeidet med arbeidslivsrelevans:

*«Målsetjinga vår om å fremje arbeidslivsrelevans i studieprogrammet går ut på (..) å vere 'tett på'. Vi ser verdien av dei regionale samarbeida, og jobbar for å ha gode partnerskap med arbeidslivet i regionen. (...) Sosiologi kan vere ein svært relevant fagdisiplin på fleire arbeidsplassar, men kontakt med aktørar i regionen har vist at mange ikkje veit kva denne disiplinen går ut på og korleis den kan vere relevant for deira kvardag. Målsetjinga er å gjere sosiologi meir synleg (...).» (Sjølvevaluering av bachelorprogrammet i sosiologi ved HVL, internt dokument).*

Den endelege NOKUT-rapporten kartlegg ulike sider ved arbeidslivsrelevans i disiplinlag, der ein komité samla inn data og evaluerte dei ulike programma som deltok i prosjektet **(Vedlegg 3, s.55-58)**. Sosiologiprogrammet kom relativt godt ut av evalueringa. Nokre punkt som blei løfta fram var systematisk kvalitetssikring og tilsettmobilitet for å undersøke «best practice» ved andre europeiske universitet (NOKUT, 2020). Som emneansvarleg har eg hatt hovudansvar for fleire sider ved denne kvalitetsutviklinga, gjennom ein tett dialog med sosiologikollega, leiing og studentane. Dei utfordrande sidene ved organiseringa av

arbeidslivsrettinga på sosiologiprogrammet ved HVL, slik komiteen i NOKUT (2020) vurderte det, var mellom anna:

*«(Manglende) mekanismer for å opprettholde kontakten med alumnene sine og jevnlig undersøke hvor de ender opp og hvordan de og arbeidsgiverne deres ser på nytten av det de har lært i løpet av studiene. (...)» (s.57)*

Tilbakemeldingane frå NOKUT har vore viktige i det vidare arbeidet med kvalitetsutviklinga på studieprogrammet. For å kunne jobbe systematisk med tilbakemeldingane og kartlegge studentferingar over tid, satt eg i gang eit [forskningsprosjekt](#) på piloten med namn «Arbeidslivsretta sosiologi». Prosjektet var ein evalueringsstudie der eg såg på studentferingar i praksis og korleis praksis fungerte som læringsform i sosiologi, eit fag som ikkje har tradisjon for arbeidspraksis. Årlege Arbeidslivsseminar vart ei anna nyvinning som kom ut av NOKUT-evalueringa. Arbeidslivsseminaret vart etablert som ein samlingsplass for studentar, alumni, fagtilsette, mentorar og andre samarbeidsaktørar i regionen.

Resultata frå NOKUT-evalueringa vart brukt i kunnskapsgenereringa til Stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning - «Utdanning for omstilling», der arbeidet med praksis på bachelorutdanninga i sosiologi ved HVL blei trekt fram som eit godt døme på auka arbeidslivsrelevans i disiplinfag (Meld. St. 16 (2020–2021), s. 74). Arbeidslivsseminaret blei også eksplisitt nemnd som eit tiltak for auka arbeidslivsretting i høgare utdanning.

Konseptet bak Arbeidslivsseminaret blei utvikla etter første praksisperioden, med mål om å etablere ein arena for utveksling av kunnskap og erfaringar mellom studentar, tilsette, mentorar og andre regionale aktørar. Seminaret utvikla seg til å bli eit verdifull tiltak for første- og andreårsstudentar som fekk høve å knytte kontakt med potensielle framtidige praksisplassar, og fekk innsikt i arbeidserfaringar frå tredjeårsstudentane. Eg har hatt det overordna ansvaret for gjennomføringa av Arbeidslivsseiminara og har hatt ei inkluderande haldning i utviklinga av arrangementet. Innlegg frå kollegaer, studentar og mentorar har vore ein viktig del av seminaret, der dei deler arbeidslivsretta tiltak, forskning på feltet og erfaringar frå praksis.

**Bilete 1: Skjermbilete «Eksempler på praksis i disiplinlag» (Meld. St. 16 (2020–2021), s. 74)**

74

Meld. St. 16  
Utdanning for omstilling

2020–2021

**Boks 5.9 Eksempler på praksis i disiplinlag**

Bachelorprogrammet i sosiologi (ungdoms-sosiologi) ved Høgskulen på Vestlandet gir studentene en god forståelse av hvordan en utdanning i sosiologi er arbeidsrelevant. Det obligatoriske praksisemnet som inngår i programmet er utviklet sammen med det lokale arbeidslivet. Jevnlig arrangeres også «Arbeidslivsseminaret», som er en møteplass for studenter, ansatte og aktører fra arbeidslivet, for å utveksle erfaringer som brukes til å videreutvikle studieprogrammets arbeidslivsrelevans.

Humanister i praksis ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) er et emne som gir mastergradstudenter ved det humanistiske fakultet relevant yrkeserfaring gjennom praksisopphold. Til sammen 30 studenter velges ut gjennom søknad og intervju, og opptaksprosessen inngår i emnets arbeidslivsforberedende komponent. Humanister i praksis undervises i en intensiv periode med bevisstgjøring av egen kompetanse og kreative teamprosesser lagt til et innledende kurs, fulgt av tre ukers gruppeprosjekt på en arbeidsplass. En konferanse der resultatene av prosjektarbeidet presenteres for oppdragsgiverne, danner avslutning på undervisningen i emnet.

Studenter innen faget interkulturell kompetanse ved Norges Handelshøyskole (NHH) gjennomfører praksis i en bedrift eller frivillig organisasjon i Brasil og følger i tillegg kurs ved et lokalt universitet. De har en kursdag før utreise, digital oppfølging underveis samt en kursdag etter hjemkomst, der de blir trent i å fremheve

sin internasjonale arbeidserfaring som en styrke i jobbsøkningsprosessen. Studentene oppgir å ha utviklet ferdigheter som er viktige i arbeidslivet, som forhandlinger, samarbeid, beslutningsprosesser, stressmestring og prioritering av arbeidsoppgaver. Videre rapporterer de at de gjennom praksisopphold i andre land har fått ny bevissthet om egne verdier og normer og større forståelse for kulturelle ulikheter.

Universitetet i Agder (UIA) har også etablert et emne som heter Humanister i praksis. Som ved NTNU skal det gi studentene forståelse for og erfaring med hvordan humanistisk kompetanse kan anvendes i en yrkessammenheng. Emnet er delt inn i en teoridel, en praksisdell og en oppgavedel. Teoridelen behandler temaer som er sentrale og relevante i arbeidslivet. I praksisdelen oppholder studentene seg i en organisasjon eller bedrift i 3 uker. I siste del av studiet skriver studentene en oppgave med fokus på sammenhenger mellom praksis og innholdet i studieprogrammet.

Universitetet i Sørøst-Norge (USN) tilbyr en mastergrad i samfunnsanalyse som gjør studentene i stand til å analysere komplekse samfunnsforhold. Mastergraden i samfunnsanalyse har tette koblinger med og stor relevans for arbeidslivet. I arbeidet med mastergradsoppgaven får studentene tilbud om å jobbe med problemstillinger enten i tilknytning til pågående forskningsprosjekter eller problemstillinger fra eksterne virksomheter. Det gir realisme i problemstillingene og nytteverdi for bedriftene.

Som konkret døme på studentinvolvering i planlegging og utvikling av undervisningsopplegg vil eg her trekke fram Arbeidslivseminaret 2024 «Teknologi og samfunn» (**Vedlegg 4**) og nyvinninga kring temautvikling til bachelorgoppgåver i samarbeid med arbeidslivet. Etter avslutta praksis inviterer eg årleg alle sosiologistudentar på tredje året til å delta i arbeidsgruppe for planlegging av Arbeidslivsseminaret. Til dømes meldte fire sosiologistudentar seg i 2024 og bidrog aktivt til å definere innhaldet på seminaret (av eit kull på 10 studentar). Desse fire held også innlegg om deira praksiserfaringar og koplingar mellom konkrete arbeidssituasjonar og sosiologisk teori. Ein av studentane deltok i panelsamtalen om tematikken «teknologiske moglegheiter og utfordringar i dag og i morgon», saman med forskarar og leiarar i ulike sektor. Etter ein 7 vekers arbeidspraksis var studentane no «ekspertar» innan sine felt og viste fram sin kompetanse på ein profesjonell

måte. [Studieplanen i sosiologi](#) trekk fram studentar sitt evne til å: «planleggje og gjennomføre sjølvstendige faglege bidrag i samarbeid med andre i arbeidslivet». Gjennom Arbeidslivsseminara har studentane fått auka forståing for dette viktige kompetansemålet, anten som aktive innleggshaldarar eller som publikum. Tredjeårstudentane fungerer både som ressurspersonar for sine yngre medstudentar og synar seg fram som potensielle arbeidstakarar for det lokale arbeidslivet. Ein annan viktig «spill-over»-effekt frå introduksjonen av praksis i utdanninga, er auka fokus på koplingane til arbeidslivet i bacheloroppgåver. Under midtvegssamtalane med studentar og mentorar i praksis har eg etablert eit eige punkt om potensielle koplingar mellom sosiologisk forskning og problemstillingar som er relevante for praksisverksemda. Dette har ført til at studentane i større grad ser potensialet i å kople bacheloroppgåveskrivinga med praksiserfaringane sine, noko som har resultert i ei større tematisk breidde på oppgåvene og gitt studentane høve til å fordjupe seg meir i konkrete felt dei har gjort seg kjende med frå «innsida». Samla sett viser arbeidet med utviklinga av emnet Arbeidslivsretta sosiologi og Arbeidslivsseminaret ei systematisk tilnærming til å imøtekomme studentane sine ønskjer om ei klarare kopling mellom sosiologisk fagkunnskap og behov i arbeidslivet. Gjennom tett dialog med studentar og kollegaer har eg arbeidd med å etablere varierte, arbeidslivsretta tiltak på ein gjennomtenkt og kritisk måte som omfamnar heile studieprogrammet.

I dei åra eg har vore tilsett ved HVL har sosiologiprogrammet gått gjennom store strukturelle endringar: 1) vi gjekk frå å vere eit toårig til eit treårig utdanningsløp, noko som medførte etablering av fleire nye og varierte valemne; 2) vi introduserte ei profilering kring arbeidslivsretta sosiologi, med introduksjon av obligatorisk praksis og emnet SA592 Arbeidssosiologi med metode; og 3) frå hausten 2024 har vi etablert Noregs første heildigitale bachelorutdanning i sosiologi, som har vore ei stor pedagogisk omlegging av studietilbodet. Sosiologiprogrammet ved HVL er tilbydd ved campus Sogndal, der vi er eit lite fagmiljø med eit fåtal tilsette. Det betyr at vi kan vere sårbare pga vår storleik, men det betyr også at vi er i stand til å raskt tilpasse oss endringar og ta avgjersle som fremjar studentane si læring. Det kollegiale fellesskapet har gitt oss ein plattform for kontinuerleg refleksjon og fagleg utveksling, som ikkje berre styrkar vår eigen pedagogiske praksis, men bidreg også til utviklinga av studieprogrammet i sin heilskap. Å reflektere ilag med kollegaer, finne innovative løysingar og sette ein felles kurs for programmet har vore vår største styrke. Som

til dømes, der vi i samband med omlegginga til eit nettbasert studium, gjekk saman og skreiv ein kronikk om kvifor vi samla står bak den avgjersla (**vedlegg 5**). Kronikken «Sosiologi for alle» reflekterer tankegangen vi delar om demokratisering av høgare utdanning, der den sosiologiske kunnskapen kan dyrke fram fleire aktive studentar og aktive borgarar. Som vi skriv avslutningsvis i kronikken vår: «*Ordskifte og forståing blir rikare og betre, om fleire stemmer kjem fram*» (I. Pavlova, Hestholm, Gjelstad & Aaberge, 2024).

## Sosiologi og nye læringsformer

Delkriterium	Skildring av arbeidet mitt knytt til delkriterium	Vedlegg
1.4	Utviklar undervisning gjennom inkluderande fellesskap	Vedlegg 5: Kronikk «Sosiologi for alle»
2.1	Jobbar utforskande og systematisk med følgjeforskning på nye satsingar på sosiologiprogrammet	Vedlegg 6: Paper «Digitalisering av høgare utdanning og digitale skillelinjer?»
2.3	Utviklar varierte og studentaktive læringsformer	Vedlegg 7: Medieomtale «Dei løyser samfunnsproblem med teater»
2.4	Formidlar kompetanse frå arbeid med undervisning	Vedlegg 8: Artikkel «Å bli ein som jobbar» (Uniped)
3.2	Initierer og leiar strategisk fagdidaktisk utviklingsarbeid	Vedlegg 10: Utdanningskvalitetsprisen 2020 (HVL)

Sosiologiprogrammet ved HVL har gått gjennom fleire store endringar dei siste åra, og vi står no midt opp i ei stor omlegging i å gjere campusstudiet vårt heildigitalt. Hovudopptaket til høgare utdanning i 2024 viser ei tydeleg auke i fleksible utdanningstilbod i Noreg (Samordna opptak, 2024) og som vi skriv i kronikken vår «Sosiologi for alle» har digital teknologi gjort høgare utdanning meir tilgjengeleg for nye grupper i samfunnet. Samstundes, er det viktig å anerkjenne implikasjonane denne digitaliseringsbølgen har på UH-sektoren, arbeidslivet og studentane. Korleis denne omlegginga påverkar studentane si læring og faglærarane si pedagogiske tilnærming er noko eg har fordjupa meg i gjennom utforskande utviklingsarbeid og [følgjeforskning](#).

### Utvikling av Noregs første nettbaserte bachelor i sosiologi


Makrofaktorar som politisk styring og inntoget av digital teknologi er viktige rammefaktor for auke i fleksible utdanningstilbod i Noreg. Omlegginga til nett må også sjåast på som ei

institusjonell endring som påverkar læringspraksisar. Kva motiverer studentar til å velje fleksible utdanningar, kva forventningar har dei til faglærarar, medstudentar, kva utfordringar møter dei på, kva læringsformer føretrekker dei og kva nye lærings- og vurderingsformer kan utviklast i denne nye konteksten? Desse, og ein del fleire spørsmål, dreiv meg i gang til å initiere eit forskings- og utviklingsprosjekt kring «Sosiologi på nett». Som prosjektleiar har eg satt i gang eit arbeid med informasjonsinnhenting frå ulike kjelder: a) kartlegging av studentane ved studiestart (survey), b) monitorering av Canvas-bruken (studentane sin digitale læringsplattform), c) gjennomføring av djupneintervju med eit utval av nettstudentar (longitudinell datainnsamling, over tre år) og d) etablering av møtepunkt for fokusgruppeintervju i kollegiet for felles gjennomgang av emnerapportar og diskusjon (inspirert av Kolb & Kolb sin læringssirkel). Desse kjeldene dannar kunnskapsgrunnlaget for casen om «Sosiologi på nett», som er både eit felles pedagogisk utviklingsarbeid og eit følgjeforskningsprosjekt. Første paper frå prosjektet var presentert hausten 2024 (**vedlegg 6**), og i skrivande stund pågår det artikkelskriving saman med programansvarleg på studieprogrammet og førebuing av nye konferansebidrag. Målet med prosjektet er å støtte kollegiet i å utvikle Noregs første nettbaserte bachelorgrad i sosiologi, kartlegge og tilrettelegge læringsprosessar for den «nye» studentgruppa og utvikle kunnskap om digitale studium som kan nyttast av fleire i UH-sektoren. NIFU-rapporten «Pedagogisk bruk av digital teknologi i høgere utdanning» (Korseberg, Svartefoss, Bergene & Hovdhaugen, 2022) kjem med konkrete forslag til vidare forskning kring kva som sikrar pedagogisk bruk av digital teknologi i høgare utdanning. Forskningsprosjektet «Sosiologi på nett» er eit konkret døme som bidreg til dette forskingsfeltet.

Vidare, som ein del av utviklingsarbeidet på vår nye heildigitale utdanning, har eg fokusert på å utforske alternative digitale møtepunkt for å skape eit godt læringsmiljø for studentane våre. Eg tok initiativ til å innføre konseptet «Digital fredagskaffi» som eit fast innslag kvar fredag i første semester, for å etablere eit lågterskeltilbod der studentane kan møtast og «snakke fag». Kvar faglærer fekk ansvaret for ei kort framlegging, gjerne om eit dagsaktuelt og gjenkjennbart tema for studentane, som vi deretter diskuterer i fellesskap. Ved å skape gode og trygge arenaer for diskusjon, også i det digitale klasserommet, ynskjer eg å bidra til at fleire studentar tek i bruk den sosiologiske verktøykassa i kvardagen. Første steg er å «ufargleggjere» den kritiske faglege dialogen ved å kople dei sosiologiske refleksjonane til

erfaringar og kunnskapar studentar allereie har. Mitt ønskje for «Digital fredagskaffi» er å etablere ein uformell arena for refleksiv tenking, metakognitiv resonnering, dialog og kritisk analyse - ein form for *transformativ læring* (Hatlevik, 2018).

## Bilete 2: Skjermbilete frå Canvas – Døme på digital fredagskaffi



The screenshot shows a Canvas LMS interface. At the top, there is a breadcrumb trail: SOS120-1 24H > Kunngjeringar > Fredagskaffi: ALGORITMER - Kvifor skal sosiologar bry seg om det?. Below this, there is a search bar and several filters: 'Alle', 'Sorter', 'Sjå delt skjerm', and 'Utvid trådane'. On the left side, there is a navigation menu with options like Heim, Kunngjeringar, Oppgåver, Diskusjonar, Panopto video, Modular, Personar, Vurderingar, Sider, Filer, Emneoversikt, Læringsmål, Vurderingsskjema, Quizar, and Pensum. The main content area displays the course details for 'Fredagskaffi: ALGORITMER - Kvifor skal sosiologar bry seg om det?' by Irina Pavlova, a faculty member. It shows the course was created and posted on October 3, 2024, at 9:56 AM. The course details include: Day = "Fredag", Event = "Digital fredagskaffi", Topic = "ALGORITMER", Audience = "Sosiologer", and Purpose = "Forstå viktigheten av algoritmer". There is also a welcome message: 'Velkommen til digital fredagskaffi i morgon kl.09:30! Helsing Irina' and a 'Svar' button.

### Teater som pedagogisk verktøy

Å utforske nye læringsformer har vore ei viktig kreativ drivkraft for meg også i møte med campusstudentane våre. «Å nyskapa er (...) å omgjere verda frå ein arena der eg er passiv tilskodar og til ei verd der eg er ein aktiv konstruktør, meningssskapar og produsent» (Lønning, 2010). Sitatet til Dag Jørund Lønning peikar på ein sentral del av nyskaping og innovasjon – ein aktivisering og myndeggjering av den einskilde aktøren.

Myndegjeringsfokuset har auka dei siste åra. «Empowerment», som er det engelske omgrepet for myndeggjering, har blitt løfta fram som eit av tre satsingsområder i ungdomsstrategien til EU for perioden 2019-2027, med slagordet «Engage – Connect - Empower». Eit konkret punkt i strategien er å betre kvalitet, innovasjon og anerkjenning av arbeidet med og for ungdom (European Commission, 2019). Som underviser i sosiologi er eg oppteken av medverknad og utvikling av handlingskompetanse hjå studentane våre.

Aktivisering av studentar i læringsprosessar og myndgjerung av studentar som aktive og ansvarlege borgarar er eit sentralt element i mitt pedagogiske arbeid.

Vi veit at norsk ungdom har mykje kunnskap om demokrati og demokratiske prosessar (Ødegård & Svagård, 2018), men korleis kan vi få fleire til å engasjere seg og utvikle sin handlingskompetanse? Dette spørsmålet førte til at eg blei med i Erasmus+ prosjektet «Using theatre to make politics», og integrerte deretter metoden frå prosjektet i undervisninga på sosiologiprogrammet. Prosjektet, støtta av Erasmus+ Key Action 3, hadde deltakarar frå seks partnerland og hadde som mål å auke samfunnsdeltaking og myndiggjering blant ungdom i Europa. Metoden vi jobba med heiter “Theatre of the oppressed” utarbeida av Augusto Boal (Boal & McBride, 2013) og annerkjend av [UNESCO](#) som eit verktøy for sosial endring. Boal var inspirert av Freire sin kritiske pedagogikk og nytta teatermetoden for å involvere folk i å løyse problem i sin eigen kvardag. Ein sentral del av metoden er å identifisere ein problemsituasjon som er viktig for lokalmiljøet, der vi kom fram til at manglande kollektivtransport i Sogn var ei utfordring mange unge relaterte til. Teatergruppa vår bestod av ungdommar frå Sogn som framførte eit teaterstykke om sjølvopplevde problem forårsaka av manglande transportmoglegheiter. Det spesielle med metoden er at tilskodarane i salen får moglegheit til å komme med potensielle løysingar på problem som blir spelt ut på scena. Tilskodarane (sosiologistudentar) går frå å vere passive mottakarar «*spectators*» til å bli aktive meiningsskaparar «*spectactors*». Studentane fekk komme med forslag til endringar, som blei deretter diskutert og stemt over med fargelappar (grønn for enig, raud for ueinig, gul for usikker). Forslaga som fekk flest grønne stemmer blei samla inn og ved avslutta prosjekt sendt til politikarar og beslutningstakarar i distriktet. Avstemmingsdelen er særleg interessant for her kan studentane diskutere ulike løysingar, og tenke innovativt saman om eit felles problem. Undervisningsopplegget fekk medieomtale i lokalavisa, med intervju av studentar og deltakarar i prosjektet (**vedlegg 7**). Gjennom teatermetoden skapte vi ein ny arena for aktiv deltaking og myndiggjering, og fekk fram viktige stemmer direkte frå ungdommar som til vanleg kan ha utfordringar med å komme til i dei satte maktforholda. Forslaga som kom fram ved hjelp av denne metoden bygde opp under den produktive spenninga mellom kritikk og løysing og skapte stort engasjement og deltaking i klasserommet.

Etter prosjektslutt har eg halde fram med å bruke teatermetoden i undervisninga og introdusert denne for studentar som tek bachelorgrad i sosiologi. Metoden har også blitt integrert i EVU-emnet «Samskaping og innovasjon for bærekraftig utvikling», som eit døme på transdisiplinaritet i praksis, og på korleis vi kan nærme oss ulike problemstillingar på nye, meir opne måtar. Frå ein meir overordna ståstad, vil eg argumentere for at ei slik kreativ tilnærming til undervisning har potensial til å bygge bru mellom kvardagslege erfaringar og faglege perspektiv. Kjerna i den sosiologiske fantasien (Mills, 2000) er evna til å sjå koplingar mellom individuelle erfaringar og breiare samfunnsstrukturar. Gjennom utprøvinga av Boal sin teatermetode fekk studentane ei praktisk erfaring med å utøve den sosiologiske fantasien saman med sine medstudentar, lærarar og andre ungdommar.

### Bilete 3: Boal's teatermetode med sosiologistudentane i 2019



#### Formidling og forandring – studentperspektiv i fokus

Å formidle kunnskap og kompetanse frå arbeid med nye undervisningsmetodar er viktig. Erfaringsutveksling bidreg til faglege diskusjonar som skapar meir dynamiske læringsmiljø, og gjev ei djupare læring og utvikling hjå studentane, som strekker seg utanfor klasserommet sine grenser. Gjennom mi tid som undervisar har eg vore svært aktiv i formidlingsarbeidet på ulike vis. Eit konkret døme på kunnskapsformidling frå undervisninga er tidsskriftartikkelen min, «Å bli ein som jobbar», som handlar om arbeidslivsretta tiltak på sosiologiprogrammet.

Auka arbeidslivsrelevans er ikkje eit nytt tema i sosiologiutdanninga. Allereie i 1969 vart det gjort forsøk ved UiO på å gjere sosiologifaget til eit embetsstudium modellert etter dei etablerte studieordningane i profesjonsfag, med praksisordning som ein del av studieløpet (Klemsdal, 2002, s. 48). Dette forsøket førte til splid i fagmiljøet og vart seinare avvikla. Yrkesrettinga av sosiologi førte til debatt mellom dei som meinte at reforma var introdusert på grunn av dei interne behova og var viktig for å avklare fagets identitet, autonomi og visjon, og dei som kritiserte forsøket for å vere eit symptom på auka ekstern innverknad som truga å dominere fagets eigne premisser (Klemsdal, 2002). Ein liknande debatt har eg sjølv stått i, der eg har ønska å formidle om arbeidet med innføringa av obligatorisk praksiselement i sosiologi. Det har vore viktig for meg å diskutere ulike sider ved arbeidslivssatsinga på sosiologi med kollegaer internt, kollegaer ved andre institusjonar, eksterne aktørar og studentar, og delta på ulike arrangement om temaet. Slik eg ser det, kan praksisopphaldet i sosiologi koplast til forskningstradisjonen innan «applied sociology», som mellom anna refererer til bruken av sosiologiske teoriar og metodar utanfor akademiske miljø med sikte på å produsere positiv sosial endring gjennom aktiv intervensjon (Finkelstein, 2009). Samarbeidet med arbeidslivet som ein del av utdanningsløpet kan føre til at sosiologiske perspektiv, analysar og metodar blir meir kjend for dei som jobbar utanfor faget. «Å bli ein som jobbar. Ein tematisk analyse av studentperspektiv på obligatorisk praksis i sosiologi ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)» er mitt forskingsbidrag på denne tematikken publisert i Uniped i 2022 (**vedlegg 8**). Artikkelen vurderer tiltaket med sosiologisk praksis, sett frå studentperspektivet. Sosiologistudentane trekk fram møte med det profesjonelle arbeidslivet som eit tillitsbyggande tiltak mellom dei involverte partane. Å legitimere og bruke sin fagkompetanse blir sett på som ei viktig øving for studentane i praksisperioden. Artikkelen viser også at praksis i disiplin fag er kompleks, der «å bli ein som jobbar» er ein svært samansett prosess. Artikkelen min blei nominert til [«Årets tidsskriftartikkel»](#) hjå Universitetsforlaget i 2022, som kan bety at den har vore eit viktig bidrag i debatten om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning. Funna i artikkelen vart også brukt til ei vidareutvikling av praksisemnet, med auka fokus på ulike fasar i læringsprosessen og refleksiv handling knytt til desse (Smith, Clegg, Lawrence & Todd, 2007). «Making sense» er den første fasen i læringsprosessen der studentane prøver å forstå arbeidsplassen og si rolle og bidrag som fagperson. Den neste fasen er «making meaning», der studentane er på god veg til å sjå seg sjølv som ein ressurs på arbeidsplassen. Den siste fasen i modellen er

transformasjonen til «working with meaning», der erfaringsbasert læring blir ein reflektiv prosess, og studentane klarar å overføre lærdommar frå arbeidspraksis til andre arbeids- og læringssituasjonar (Pavlova, 2022).

## Samarbeid i teori og i praksis

Delkriterium	Skildring av arbeidet mitt knytt til delkriterium	Vedlegg
1.4	Utviklar undervisning gjennom inkluderande fellesskap	Vedlegg 5: Kronikk «Sosiologi for alle»
3.2	Initierer og leiar strategisk fagdidaktisk utviklingsarbeid	Vedlegg 10: Utdanningskvalitetsprisen 2020 (HVL)
3.3	Planlegger strategisk utvikling for det kollegiale pedagogiske arbeidet	Vedlegg 9: Artikkel «Praksis møter disiplin» Søkelys på arbeidslivet Vedlegg 11: Uttale frå leiar
2.2	Reflekterer over eit heilskapleg syn på kvalitetsutvikling og læring	

Å initiere og leie arbeidet med arbeidslivsrettinga på sosiologiprogrammet har vore eit sentralt utviklingsområde for meg som fagperson og undervisar. For å lukkast i dette arbeidet har eg vore heilt avhengig av gode, støttande kollega, initiativrike og aktive studentar, og eit arbeidsliv som stiller opp som samarbeidspartnar. I denne delen ønskjer eg å vise til eit konkret døme på pedagogisk utviklingsarbeid, der eg har hatt ei aktiv og kollegial haldning i alle fasar av arbeidet.

### Krafta i kollegialitet

På emnet «Arbeidslivsretta sosiologi» introduserte eg eit mål om felles «eigarskap» på emnet med brei involvering av alle kollegaer i faggruppa, der alle faglærarar følger opp minst ein student i praksis. Praksisoppfølginga inneber ein dialog med mentorar ved praksisverksemdar, gjennomføring av praksisbesøk og fagleg støtte for studenten i skrivinga av praksisrapporten. Eg jobba aktivt for å utvikle eit kollegialt «praksisfellesskap» mellom oss som hadde oppfølgingsansvar for studentane. I 2023 inviterte eg alle faglærarane til å etablere ei forskargruppe som kunne sjå nærare på erfaringane og læring sett frå praksisverksemdene sitt perspektiv. Arbeidet resulterte i ein fagfelleurdert artikkel «*Praksis møter disiplin*»: *ein studie av situert mentoring og korleis mentorar utforskar og legg til*

*rette for sosiologisk arbeidspraksis» som er no under publisering i tidsskrifta «Søkelys på arbeidslivet» (vedlegg 9).*

Sosiologikandidatar har ingen jobbar som er «øyremerka» til dei etter avslutta studium. Å etablere gode samarbeid med moglege framtidige arbeidsplassar, har vore eit pedagogisk og fagleg initiativ for å vise studentane og arbeidslivet «sosiologi i bruk»/ «applied sociology» i konkrete arbeidssituasjonar og prosjekt. Det er også viktig å anerkjenne at sosiologiprogrammet ved HVL eksisterer ikkje i eit vakuum. Vi er ein del av eit system som påverkast av politiske endringar og trendar på makronivå. Sviktande rekruttering til fysiske campusbaserte tilbod er ein del av ein større historisk trend, der ungdom trekk til byane. Auka fokus på arbeidslivsrelevans kjem frå ei politisk føring, der «universiteter og høgskoler har et viktig samfunnsoppdrag i å utdanne kandidatar som møter arbeidslivets kompetansebehov» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 5). Dei siste åra har fleire vore skeptiske til den aukande vekta «arbeidslivsrelevans» har fått i høgare utdanningspolitikk (Bech, 2023; Hjelseth, 2023) og faren med å gjere disiplinfag til «instrumentelt nyttige fag». Eg deler ei slik uro, men som eg saman med kollegaane på studieprogrammet skriv i artikkelen vår, meiner vi at ein *«kan halde på kompleksiteten og dei mangfaldige tilnærmingane i sosiologifaget, samstundes som arbeidsgjevarar og studentar eksperimenterer seg fram til korleis faget kan vere nyttig i praksis. Det ligg også ein viktig danningsskomponent i dette, og for dei aller fleste med disiplinfagleg utdanning er det på denne måten nyleg uteksaminerte kandidatar må arbeide med kunnskapen sin i eit moderne og mangfaldig arbeidsliv»* (Pavlova, Gjelstad, Aarberge og Hestholm, 2025 – under publisering).

Å jobbe saman med både utviklingsarbeid og felles forskning gav ny innsikt og idear for fleire felles utviklingsprosjekt på programnivå. Denne gode kollegiale erfaringa fekk meg til å tenkje på erfaringsbasert læringsteori (Kolb, 2009) med sitt holistiske og dynamiske syn på læring, der lærdommar frå dette konkrete samarbeidet blei brukt som eit utgangspunkt for etableringa av det nye utviklingsprosjektet «Sosiologi på nett». Som ein del av dette forskings- og utviklingsarbeidet har vi vidareutvikla vårt kollegiale fora for diskusjon kring utdanning, læringsutbytte og læringskultur. Å utvikle felles forståing i teori og felles ressursar i praksis gjenspeglar den heilskaplege tilnærminga eg meiner vi som kollegium må ha for best mogleg utdanningskvalitet på studieprogrammet. Samskrivinga av tidsskriftsartikkelen har

også motivert oss til å halde fram med felles skriving, med kronikken vår «Sosiologi for alle», som eit konkret døme.

Hausten 2020 vart eg tildelt HVL sin Utdanningskvalitetspris for det systematiske utviklingsarbeid kring arbeidslivsrelevans på sosiologiprogrammet (**vedlegg 10**). Det at nominasjonen kom frå både studentar og kollegaer betydde særleg mykje for meg. I tildelinga av prisen blei «det nyskapande arbeidet med praksisemnet Arbeidslivsretta sosiologi» løfta fram. Arbeidet med dette emnet, både teoretisk og praktisk, har vore sentrert rundt kollegialt samarbeid. I denne delen har eg vist til nokre konkrete døme frå dette samarbeidet – samarbeid om praksisoppfølging, felles forskingsinitiativ, kollegial diskusjonsforum, kronikkskriving og etablering av nye felles prosjekt. Eg vil i tillegg løfte fram eit anna viktig element som har styrka det inkluderande fellesskapet i fagmiljøet og fremma kvalitetsutvikling og læring på sosiologiprogrammet, nemleg eit *kollegialt handlingsrom*. Eit handlingsrom som bidreg til å fremme kreativitet, innovasjon og kritisk tenking, og som gjev høve for tilpassing av undervisning og læring til individuelle behov, eksperimentering med nye pedagogiske tilnærmingar og metodar, og såleis kontinuerleg betring av utdanningskvaliteten. Eg er takksam for at vi i fellesskap jobbar fram og ivaretek dette handlingsrommet.

### Vegkart for framtida

I denne søknaden har eg sett på ulike sider ved mitt undervisningsarbeid ved HVL over tid (**vedlegg 11**). I denne avsluttande delen vil eg sjå framover og presentere ein plan for vidare strategisk arbeid for auka undervisnings- og studiekvalitet på to konkrete område 1) «Den digitale vendinga» på sosiologiprogrammet, og 2) «Kunnskapsbru» - eit utviklingsområde for framtidens engasjerande universitet:

- «Den digitale vendinga» på sosiologiprogrammet

Deltaking på eit nettstudium i sosiologi handlar om meir enn digitale ferdigheitar. Det handlar om deltaking i ein læringskultur og kva som skjer når læringsprosessane digitaliserast. Forsking viser at den største utfordringa kring digital undervisning «*ikke ligger i stadig skiftende digitale verktøy, men i undervisernes pedagogisk orienterte digitale kompetanse og muligheten for videreutvikling av denne, noe som er avgjørende for fremtidig satsing*» (Fossland, 2024, s. 116). Igangsetting av følgeforskningsprosjektet «Sosiologi på nett»

er eit initiativ for eit større kollegialt utviklingsarbeid på den digitale omlegginga av programmet. Eit betre kunnskapsgrunnlag på kven våre studentar er, kvar dei er i livet, kva ferdigheiter og kompetanse dei sitt på, kva læringsstrategiar dei har osb. vil vere sentrale for utvikling av varierte undervisningstilbod og nye lærings- og vurderingsformer. HVL og UH-sektoren opplever auka interesse for fleksible og nettbaserte studieprogram. For å kunne tilby best mogleg kvalitet på desse vil systematikk, heilskapstenking og strategisk utvikling stå sentralt. Eg ønskjer dra nytte av dei moglegheitene som digital teknologi tilbyr for å tilrettelegge for best mogleg utdanningskvalitet for våre studentar. Dette kan til dømes gjerast gjennom kollegial utforsking med og evaluering av ulike former for arbeidskrav (t.d. individuelle eller gruppevisе podcast-innspelningar); arbeid med internasjonalisering heime via COIL-samarbeid om felles microcredits med internasjonale partnarar (både for å utvikle meir engasjerande og variert undervisning, men også for å etablere internasjonale kollegiale og student-nettverk); og prøve ut varierte vurderingsformer som er meir tilpassa den digitale konteksten og som tek omsyn til t.d. kunstig intelligens. Det allereie etablerte samarbeidet i faggruppa vår legg gode føringar for vidareutforsking i tida framover. «Den digitale vendinga» på sosiologiprogrammet har vist at studentgruppa som tek den heildigitale utdanninga er meir variert i alder og arbeidserfaring; studentane våre er geografisk spreidd over heile landet (og nokre også internasjonalt); dei er også i ulike livsstadium enn den tradisjonelle campusstudenten. NIFU-rapporten «Pedagogisk bruk av digital teknologi i høyere utdanning» gjev viktig innsikt i korleis vi kan støtte studentane sine læringsprosess ved pedagogisk bruk av digital teknologi (Korseberg et al., 2022). Mitt hovudfokus på dette området vil vere å etablere eit felles overordna pedagogisk design på studieprogrammet der digitale verktøy innlemmast i måten vi ser på læringsutbytte, læringsaktiviteter og vurdering som ein integrert heilskap. Samstundes som vi jobbar for felles mål i kollegiet, vil det vere viktig å ivareta faglærarane sin profesjonelle originalitet og gje rom for at vi kan utforske ulike pedagogiske og fagdidaktiske tilnærmingar i det digitale klasserommet. Erfaringsdeling med bakgrunn i våre erfaringar gjennom denne utprøvingsfasen vil vere svært viktige for å ta kunnskapsbaserte avgjersle om vidare satsingar på programmet. Forsking trekk fram den akademiske disiplinen / tradisjonen som ein sentral faktor for bruken av digital teknologi i undervisninga, der særleg undervisarar i humaniora og samfunnsvitskaplege fag ikkje har vore like aktive brukarar av digital teknologi samanlikna med andre fag (Mercader & Gairín, 2020, s. 4). Ved HVL har denne trenden vist seg å ikkje stemme, der sosiologiprogrammet

vårt er den første heildigitale bachelorgraden i sosiologi i Noreg, og der også historiemiljøet har lagt om programmet sitt til eit heildigital bachelorløp. Eg har eit stort ønskje om å bruke kompetansen vi har opparbeida oss i fagmiljøet til å bidra til vidare kunnskapsutvikling på dette området, og bidra til utvikling av strategiar kring digital læring også på institusjonsnivå.

- «Kunnskapsbru» - eit utviklingsområde for framtidens engasjerande universitet

HVL ønskjer å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet på Vestlandet. Eit universitet med tette koplingar til samfunns- og arbeidslivet. Arbeidet med utviklinga og leiinga av Arbeidslivsseminaret har gitt meg kompetanse på mellom anna nettverksbygging i regionen og aktivisering av ulike grupper for auka fokus på arbeidslivsrelevans. Gjennom mitt engasjement i HK-dir finansierte prosjektet [«Samskaping for eit berekraftig Sogn»](#), har vi etablert ei arbeidsgruppe som planleggjar ei utviding og vidareutvikling av seminaret til å omfatte alle fakultet ved høgskulen og etablere ein årleg møteplass / konferanse.

«Kunnskapsbru 2025», der eg er ein medarrangør, skal vere ein konferanse i Sogndal som bygger på fleire av våre tidlegare erfaringar med Arbeidslivsseminaret. Studentane vil ha ei sentral og aktiv rolle her. Vi ønskjer å etablere ein inkluderande konferanse der vi får høyre om samforskningsprosjekt, innovasjonsinitiativ og praksiserfaringar. Konferansen er eit av fleire pågåande og planlagde arbeid under paraplyomgrepet «Kunnskapsbru», som er eit strategisk arbeid med fokus på ei forsterking av samarbeidet mellom HVL og omgjevnadane våre.

I 2025 vart HVL ein del av den europeiske ARTEMIS-alliansen. Arbeidet i

Samskappingsprosjektet var integrert i søknaden til alliansen, der vi jobba for å fremje kontakt og kunnskapsflyt mellom studentar og tilsette ved HVL, arbeidslivsaktørar og frivillige organisasjonar.

Dette arbeidet er direkte relevant for [Arbeidspakke 6 i ARTEMIS](#) som dreiar seg om å «*teste ut og etablere nye måtar å samhandle med lokale aktørar som kommunen, bedrifter, lokale organisasjonar og liknande for å løyse lokale utfordringar. Levande*

*Laboratoriar (Living Labs) vil bli etablert ved kvart partneruniversitet og disse vil og jobbe saman i eit nettverk for å dele gode praksisar (...)*». Eg ønskjer å vere ein aktiv bidragsytar til dette utviklingsområdet for heile HVL. Samstundes ser eg eit betydeleg overføringspotensial frå dette samskappingsarbeidet til konkrete casestudium som kan brukast i undervisninga og som potensielle bachelorprosjekt for sosiologistudentane våre. Ei slik tilnærming vil både bidra til auka arbeidslivsrelevans på programmet som heilskap og introdusere nye tverrfaglege perspektiv for studentgruppa. Å samarbeide på tvers av fakultet, faggrupper, og

student- og samfunnsgrupper ligg i kjerna for arbeidet kring framtidens «engasjerande universitet». Vår tidlegare HVL-kollega, Paul Benneworth, forskar på «engaged university» (Benneworth, 2013), eit universitet som fremmar viktigheita av aktørskap og mobiliserer ressursar for å bidra til regional utvikling. Samskapingsprosjektet fremmar ein slik tankegang, der det kollegiale fellesskapet skapar ringverknadar for fleire grupper i samfunnet og omgjevnadane rundt oss. Denne tankegangen er også i tråd med mine pedagogiske grunnpilarar - myndegging og kritisk pedagogikk. Satsinga på «Kunnskapsbru» vil fremme læring på tvers av fag og studieprogram, og er ei viktig påminning om at samfunnet er komplekst og avhengig av ulike typar kunnskapar, kompetanse og ferdigheitar. Eg ser på arbeidet med Kunnskapsbru som eit strategisk viktig utviklingsområde for framtidens engasjerande universitet på Vestlandet. Ideen om eit engasjerande universitet kan også spegle det framtidige arbeidet i HVL sin pedagogiske akademi, der ein kan utvide delinga av arbeidet til dei meritterte undervisarar endå breiare - til kollegaer, studentar og omgjevnadane rundt oss. Engasjerte studentar, engasjerte undervisarar, engasjerte medborgarar – eit engasjerande Universitet på Vestlandet!

Gjennom initiativa presentert ovanfor ønskjer eg å bidra til å styrke læringsprosessar hjå studentane våre, undervisningskvaliteten i fagmiljøet og bidra til å bygge det nye universitetet på Vestlandet. Som ein merittert undervisar, vil eg halde fram med å dele kunnskap og erfaringar med kollegaer, studentar og omgjevnadane rundt oss, og motivere til kreativt og samskapande utviklingsarbeid. Vidare håpar eg å kunne vere ein ressursperson for andre som ønskjer å ha ei forskande tilnærming til eiga undervisning, og inspirere fleire kollegaer til å aktivt bygge ein felles utforskande lærarkultur.

#### Litteraturliste

- Bakken, P., Pedersen, L. F., Wiggen, K. S. & Øygarden, K. F. (2019). *Studiebarometeret 2018: Hovedtendenser* (Rapport 1-2019). NOKUT. Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2019/studiebarometeret-2018\\_hovedtendenser\\_1-2019.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2019/studiebarometeret-2018_hovedtendenser_1-2019.pdf)
- Bech, K. (2023). Arbeidslivsrelevans: Studentene kan senke skuldrene. *Khrono*. Henta frå <https://www.khrono.no/arbeidslivsrelevans-studentene-kan-senke-skuldrene/768308>
- Benneworth, P. (2013). *University engagement with socially excluded communities* (1st 2013. utg.). Dordrecht ;,New York: Springer.
- Boal, A. & McBride, C. A. (2013). *Theatre of the Oppressed* Theatre Communications Group.
- Collins, R. (1998). The Sociological Eye and Its Blinders. *Contemporary sociology (Washington)*, 27(1), 2-7. <https://doi.org/10.2307/2654697>

- European Commission. (2019). A renewed EU Youth Strategy proposed by the European Commission for 2019-2027. Henta 18.10 2019 frå [https://ec.europa.eu/youth/news/eu-youth-strategy-adopted\\_en](https://ec.europa.eu/youth/news/eu-youth-strategy-adopted_en)
- Finkelstein, M. (2009). Toward Teaching A Liberating Sociological Practicality: Challenges for Teaching, Learning and Practice. *Teaching Sociology*, 37(1), 89-102. <https://doi.org/10.1177/0092055X0903700108>
- Fossland, T. (2024). Den digitale vendingen: en casestudie om studenter og underviseres opplevelse av digital undervisning og kompetanse, sett i lys av UH-pedagogers profesjonelle ansvar. I D. Husebø, L. Ferguson, O. R. Stalheim, I. C. Erikson, R. Isaksen, A. Mavroudi & P. Wallin (Red.), *Det universitets- og høgskolepedagogiske vitenskapsområdet i Norge: fremvekst, grunnlagstenkning og «state of the art*. Oslo: Oslo: Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing).
- Freire, P. (1999). *De undertryktes pedagogikk* (2. utg. utg.). Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Hatlevik, I. K. R. (2018). Transformativ læring: Hva er det, og hva kan det bidra med i lærerstudenterskompetanseutvikling? *Uniped (Lillehammer)*, 41(4), 384-400. <https://doi.org/10.18261/issn.1893-8981-2018-04-02>
- Hjelseth, A. (2023). Mindre arbeidslivs--relevans nå! *Khrono*. Henta frå <https://www.khrono.no/mindre-arbeidslivsrelevans-na/762424>
- Klemsdal, L. (2002). Visjoner og praksis: Da sosiologi skulle bli profesjonsstudium i Norge. *Sosiologisk tidsskrift*, (01), 48-74.
- Kolb, A. & Kolb, D. (2017). Experiential Learning Theory as a Guide for Experiential Educators in Higher Education. *ELTHE: A Journal for Engaged Educators*, 1(1), 7-44.
- Kolb, D. (2015). *Experiential learning : experience as the source of learning and development* (2nd edition. utg.). Upper Saddle River, N.J: Pearson Education.
- Korgen, K. O. & Atkinson, M. P. (2018). *Sociology in action* (First edition. utg.). Thousand Oaks: Sage Publication.
- Korseberg, L., Svartefoss, S. M., Bergene, A. C. & Hovdhaugen, E. (2022). *Pedagogisk bruk av digital teknologi i høyere utdanning*. NIFU: NIFU.
- Korsnes, O. (2008). *Sosiologisk leksikon* (2. utg. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Lønning, D. J. (2010). *Kva er nyskaping? : om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap*. Ål: Boksmia.
- Løvlie, L. (1984). *Det pedagogiske argument : moral, autoritet og selvrøving i oppdragelsen*. Oslo: Cappelen.
- Meld. St. 16 (2020–2021). *Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20202021/id2838171/>
- Mercader, C. & Gairín, J. (2020). University teachers' perception of barriers to the use of digital technologies: the importance of the academic discipline. *International Journal of Educational Technology in Higher Education*, 17(1), 1-14. <https://doi.org/10.1186/s41239-020-0182-x>
- Mills, C. W. (2000). *The sociological imagination*. Oxford: Oxford University Press.
- NOKUT. (2020). *Evaluering av arbeidslivsrelevans i disiplinutdanninger*. NOKUT. Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2020/evaluering-av-arbeidslivsrelevans-i-disiplinutdanninger\\_4-2020.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2020/evaluering-av-arbeidslivsrelevans-i-disiplinutdanninger_4-2020.pdf)
- Pavlova. (2022). Å bli ein som jobbar. Ein tematisk analyse av studentperspektiv på obligatorisk praksis i sosiologi ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). *Uniped (Lillehammer)*, 45(4), 321-330. <https://doi.org/10.18261/uniped.45.4.7>
- Pavlova, I., Hestholm, R. I., Gjelstad, L. E. & Aaberge, B. R. (2024). Sosiologi for alle. *Sogn Avis*.
- Samordna opptak. (2024). *Hovedopptak til høyere utdanning ved universiteter og høgskoler*. Henta frå <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/faktanotat-uhg-hovedopptak-2024.pdf>
- Smith, K., Clegg, S., Lawrence, E. & Todd, M. J. (2007). The challenges of reflection: students learning from work placements. *Innovations in Education and Teaching International*, 44(2), 131-141. <https://doi.org/10.1080/14703290701241042>

- Weimer, e., Hoffman, D. & Silvonen, A. (2019). *Internationalisation at Home in Finnish Higher Education Institutions and Research Institutes*. Opetus- ja kulttuuriministeriön julkaisu: Ministry of Education and Culture, Finland Henta frå [https://julkaisut.valtioneuvosto.fi/bitstream/handle/10024/161606/OKM\\_2019\\_21\\_Internationalisation\\_at\\_Home.pdf](https://julkaisut.valtioneuvosto.fi/bitstream/handle/10024/161606/OKM_2019_21_Internationalisation_at_Home.pdf)
- Westrheim, K. (2004). Kritisk pedagogikk og multikulturalisme i lys av Freiretradisjonen. Noen sentrale perspektiv. *Nordic studies in education*, 24(3), 212-226. <https://doi.org/10.18261/ISSN1891-5949-2004-03-03>
- Ødegård, G. & Svagård, V. (2018). Hva motiverer elever til å bli aktive medborgere? *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 18(1).